Send inn høyringssvar

Fjaler kommune

Innsendt: 06.10.2026 15:34
Referanse-ID: 7BP-797
Skjema-ID: FKO-28

Opplysningar om innsendar

Høyringssak

Arkivsak

25/1844

Tittel

Utgreiing av skulestruktur

Uttalen vert gjeven

set kryss

◉ På vegne av lag, føretak eller foreining

Føretak/ lag/ foreining

Organisasjonsnummer

916066899

Organisasjonsnamn

BUE SALMON ASA

Adresse

Postboks 29

Postnummer

6901

Poststad

FLORØ

Kontaktperson

Knut Eikeland

E- postadresse til kontaktperson

knut.eikeland@buesalmon.com

Telefonnummer til kontaktperson

90977018

Høyringssvar

Skriv uttalen din her eller last ho opp som vedlegg:

Bue Salmon utviklar eit stort landbasert havbruksprosjekt på Lutelandet med potensial for mange nye arbeidsplassar i regionen. For å kunne rekruttere og behalde kompetanse er vi avhengige av attraktive lokalsamfunn med gode tenester for barnefamiliar.

Våge skule og barnehage er ein viktig del av denne infrastrukturen. Eit nært og føreseieleg oppvoksttilbod vil ha stor betydning for busetjing, rekruttering og framtidig næringsutvikling i ytre delar av kommunen.

Vi ber derfor kommunen vektleggje samanhengen mellom skulestruktur, befolkningsutvikling og framtidige næringsetableringar når saka vert vurdert.

Bue Salmon står framfor avgjerder som vil få stor betydning for både omfanget og tempoet i den vidare utviklinga på Lutelandet. I slike vurderingar vil kvaliteten på lokalsamfunnet, inkludert nærleik til skule og barnehage, vere sentrale faktorar for å kunne tiltrekkje og halde på nødvendig kompetanse. Vi meiner difor at Våge skule og barnehage representerer verdiar som strekkjer seg langt utover dagens elevgrunnlag, og som kan få stor betydning for kommunen si evne til å realisere framtidige arbeidsplassar, tilflytting og verdiskaping i ytre Fjaler

Last opp eventuelle dokument eller vedlegg

Her kan du laste opp eventuelle dokument eller vedlegg
